

KIRKEBLAD

FOR

DAVIK

Nr. 58	Utkommer hver måned	Juli 1935	Utgiver og redaktør: Sogneprest Slaattelid Davik	6. årg.
--------	---------------------	-----------	--	---------

Bønn før lesning av Guds ord.

Evige, barmhjertige Gud, vår Herre Jesu Kristi fader! Gi mig nåde ved din Helligånd, at jeg på den rette måte kan lese Bibelen: din hellige skrift, så jeg i den kan søke og finne Kristus, min frelser, og ved ham må arve himmerike og det evige liv. Hjelp mig dertil, o Gud, i din nåde for Jesu skyld. Amen.

Den gamle bibel.

Der står i mitt bokskaps inderste krok
en gammel bok
med messinghjørner og spende.
Dens bind er av lær, dens rygg er bred,
og henter jeg den fra hyllen ned,
den faller mig tungt i hende.

Og tungt som selve den gamle bok
er bokens sprog.

Den kjenner ei sirlige lader,
den leker ikke med fagre ord,
men djervt den taler og fast den tror,
og inderlig helt den hater.

Den taler med makt og myndighet
som den der vet
vårt hjerte er underfundig.

Den setter det skjell mellem godt og ondt
der sattes da livet var barskt og sundt,
den setter det fast og grundig.

Den preker pliktens og lovens bud.
Dens Gud er en Gud
iver trevl i vårt vesen skal dyrke.
Dens rikes grunnlov er lydighet.
Og den der vil tjene det største han vet,
han lover den smerte og styrke.

Mads Nielsen.

Grunnvolden for menneskelivet.

Les: Mat. 7, 24—25.

Jesus har i bergpreika tala um sitt rike og har sett fram dei lover som råder der. Han har gjort det klårt for tilhøyrarane at viljen til å lyda desse lovene er vilkåret for å koma inn i dette riket og å verta verande i det. I slutten av tala, som denne teksten er teken ifrå, strekar Jesus under kor klokt det er å høyra hans ord — både med øyro og hjarto — og so verkeleg gjera etter det han seier. For då har ein lagt ein solid grunnvoll for sitt liv, ein har bygt ein sterk grunnmur under si livslukke. Ja, so grunnfest på berget, på det faste urikkelege, er denne livsbygning, at livsens trengsler som her er samanlikna med sturtregn som kjem ovanfrå, flaum som kjem nedanfrå og vinden som kjem frå sida, — alt dette greier ikkje å velta det. Det står alt for fast. — Mätte no berre vi som vil leva eit kristent menneskeliv i denne fårefulle og vanskelege verda, gå fram på vegen med *Guds ord* til lykt for foten og ljøs på stigen! Alle vil vi gjerne nå livsens lukke. Lat oss då gå den veg som fører til dette målet, med Guds ord til vegvisar.

Vi har alle lest det korte samandrag av hovudsanningane i ordet, — det samandrag som vi kallar barneleardomen vår. Med rette er det sagt um den:

»Det er den sunde rette vekst
at livet tolker dig dens tekste.

Det finst ikkje noko høgare livsmål enn dei 10 boda. Der er inga klårare framstilling av frelsesvegen enn dei 3 artiklane. Heller ikkje noko fullkomnare og vakrare uttrykk for samlivet millom den himmelske fader og hans born enn Fadervår. Der er inga tryggare styrkjing for trueslivet enn

den einfaldige daglege uppattnying av dåpspakta og flittig og hjarteleg altargang. Lat oss føra vårt liv etter desse grunnsetninga. Då vil det eiga den grunnmura fred og lukka og kraft som Jesus kan gjeva, og tilslutt nå målet.

»Herre Jesus, la mig have
dine ord i hjertet lukket,
og la denne Herrens gave
bære en velsignet frukt!
Ta dem aldri bort fra mig
til i himmerik hos dig
du den ære mig vil gjøre,
jeg dig selv får se og høre.« Amen.
Etter »B. og H.«

Herrens ord.

Menneskja lever ikkje berre av brød, men av kvart ord som kjem frå Guds munn. Mat. 4, 4.

Guds ord er levande og kraftigt og kvassare enn noko tveiggja sverd og trengjer seg igjenom til dess det kløyver sjel og ånd, ledmot og merg, og dømer hjarta sine tankar og råder. Hebr. 4, 12. Er ikkje mitt ord som ein eld, seier Herren, og som ein hamar som knasar berg? Jer. 23 29. — Ikkje menneskjeord, men Guds ord. 1 Tes. 2, 13. — Desse orda er truverdige og sanne. Openb. 21, 5.

Til æveleg tid, Herre, står ditt ord fast i himmelen. Salm. 119, 89. — Alt kjøt er gras og alt dess ynde som blom på marka. Graset visnar, blomen folnar. Men ordet frå vår Gud står æveleg. Es. 40, 6, 8. — Himmel og jord skal forgå, men mine ord skal aldri forgå. Mat. 24, 35.

Dette er ikkje noko tomt ord som ikkje gjeld for dykk; livet dykkar ligg i dette ordet. 5. Mos. 32, 47. — Desse orda som eg lærer deg no, dei skal du gøyma i hjarta, du skal prenta dei inn i borna dine. 5. Mos. 6, 6. — Gjev akt på Herrens ord. Jer. 2, 31. — Legg deg ordi hans på hjarta. Job. 22, 22. — Maria gøynde alle desse orda i hjarta og grunda på dei. Luk. 2, 19.

Dei vanvyrde ordet åt Israels Heilage. Es. 5, 24. Dei har ikkje gjeve akt på mitt ord. Jer. 6, 19. — Herrens ord har dei forkasta; kvar skulde dei då ha visdom ifrå? Jer. 8, 9.

Ordet mitt som går ut om munnen min, det skal ikkje koma att til meg tomt, men verka det som eg vil og fullføra det som eg sende det til. Es. 55, 11.

Den som høyrer mitt ord og trur den som sende meg, han har ævelegt liv. Joh. 5, 24. — Vert de verande i mitt ord, so er de rette læresveinane mine. Joh. 8, 31. — Den som er av Gud høyrer Guds ord. Joh. 8, 47. — So kjem då trua av høyring, men høyringa ved Kristi ord. Rom 10, 17. — Ordet er mektigt til å frelsa sjelene dykkar. Jak. 1, 21. Ditt ord er ei lykt for min fot og eit ljøs for min stig. Salm. 119, 105.

Vert slike som gjer etter ordet og ikkje berre høyrer det og dermed dårar dykk sjølve. Jak.

1, 22. — Sæla er dei som høyrer Guds ord og tek vare på det. Luk. 11, 28. — Dei orda eg har tala til dykk, er ånd og liv. Joh. 6, 63. — Um nokon elsker meg, held han meg etter ordet mitt. Den som ikkje elsker meg, held seg ikkje etter mine ord. Joh. 14, 23—24.

Lat Kristi ord bu rikeleg hjå dykk. Kol. 3, 16. Um nokon talar, han tave som Guds ord. 1. Pet. 4, 11. — Herre, gjev dine tenarar å tala ditt ord med alt frimod! Ap. gj. 4, 29.

Den smussige salmebok.

Det var auksjon i landsbyen. Den gamle smed var død og hadde bestemt at alt han eiet skulde selges til fordel for byens fattige. Også læreren hadde vært på auksjonen og gikk nu langsamt hjemover. Da blev han innhentet av en som på en kjærre kom trekkende med en seng han hadde kjøpt.

»God aften«, sa mannen; »har De også kjøpt noget?« »God aften, Henner«, svarte læreren. »jo jeg har kjøpt riktig en skatt«. Han tok ut av lommen en gammel, slitt salmebok og viste den annen. Mannen så forundret på den gamle bok; den så skrøpelig ut, bindet var i stykker og dessuten var den så merkelig smussig, aldeles svart. Han rystet på hodet, leverte den tilbake, og tørket smusset av hånden. »Ja det var sannelig gammel stas!« sa han. Men læreren sa: »Boken er for mig en skatt til oppbyggelse. De er jo ny her i egnen og kjente ikke den gamle smed. Da skal jeg fortelle Dem om ham.

»Ser De, mannen som nu døde så ensom, hadde for mange år siden en tallrik familie, en bra kone og fem kjekke barn. Så døde plutselig hustruen av en heftig lungebetennelse. Det var et fryktelig slag, men barna og strevet med dem holdt ham oppe. Så gikk det tre år. Da døde alle de fem barn i løpet av en uke av difteri. Jeg besøkte dengang mannen nokså ofte. Han var, som rimelig kunde være, rent forstyrret, og mange slags tanker for ham gjennem hodet. En dag da det riktig gikk rundt for ham, var det som om en stemme ropte til ham: »Ta salmeboken!« Han så gjorde. Mangen natt har han i timevis sittet over boken og grått og bedt, inntil han filsist blev stille og fikk mod til å bære sitt eget kors. I årevis har han kjempet troens kamp mot fortvilelsen. Undertiden når han stod ved am-

holten og de tunge tanker seg inn over ham, har han kastet verktøyet og løpet inn i stuen for å lese en trøstesalme. Tilsist tok han boken med sig i verkstedet, så han lett kunde komme til den. Se nu her! De skal ikke lenger behøve å lete etter kors- og trøstesalmene. Hvor bladene er ganske svarte av de sotete fingrer, der finner De slike som: »Hvor Gud mig fører, går jeg glad«, eller »Velt alle dine veie«. Se derfor har jeg kjøpt den gamle bok for 10 øre. Jeg sier Dem, den er ikke betalt med 100 kroner. Jeg vil ikke lese i den, men bare se på den. Den taler alltid til mig som en påminnelse og formaning.«

†
Våre døde.

14. mai: Kirsten Oldeide, dotter åt Ingolf Oldeide; f. 1934; krampe.

»Gud tok honom til seg.«

1. Mos. 5, 24.

Mennesket mot Gud.

Stalin, Russlands eneveldige hersker sier: »Vi har avsatt keiserne på jorden, nu vil vi styrte himmelens herre fra tronen.« Organet for de russiske gudløse skriver: »Enhver religion er opium for folket, som allerede Marx erklærte. — Enhver religion er et middel til å utbytte og berolige arbeiderne. Derfor er vi imot enhver religion.« Stepanoff sier: »Denne kamp må føres mot Gud, enten han nu heter Jehova, Jesus, Buddah eller Allah.« Og Kirow erklærer: »Himmerike er en løgn, veien til lykken er på jorden.« Lederen før de gudløse, jøden Jaroslavski, sier i et oprop: »Vi vil la alle verdens kirker gå op i et flammehav. Vår gudløshetsbevegelse er blitt en uhyre makt som utrydder all religiøs følelse. Denne bevegelse er en av de viktigste grenner av vår religionsfiendtlige klassekamp. Vi må styrke enda mere vårt antireligiøse arbeid som undergraver grunnvollene for den gamle verden.« Innen 1937 skal etter den siste plan, enhver religion være utryddet i Sovjet-Rusland.

Et av de farligste våben i kampen er den religionsfiendtlige oppdragelse i skolene. Alle lærere er forpliktet til å rette sig efter den kristendomsfiendtlige håndbok som centralrådet har utgitt. Allerede de 9 år gamle

barn skal i hele sin ferd føle sig og opføre sig som »soldater i de gudløses store hær«. Propagandaen er veldig. I fabrikker og kontorer, i bygder og på universiteter, i aviser og tidsskrifter, i bøker og brosjyrer, i flyveblad og opslag, i kinematografer og teatre, i land og by, i familien og på gaten, i kaféene og foran kirkene, på opslagssøilene og i kringkastingen — overalt denne forferdelige hatets ophisselse, denne kamp mot Gud som er en avgjørende del av det kommunistiske program.

Innenriksministeren har forbudt de religiøse samfund å drive sosialt hjelpearbeid, å holde bønnemøter for kvinner og barn, å holde bibeltimer eller andre møter for å gi sine tilhengere religiøs undervisning. Prestene får ikke brødkort eller kort for andre levnetsmidler. Alle borgerrettigheter er dem fratatt. Arbeid får de bare dersom de avsværger sin tro. Skal deres barn ikke sulte ihjel, må de si sig løs fra sine foreldre.

Fra tysk.

Notisar.

Ofringar: 1 Davik 1. pinsedag til heidningmisionen 103 kr. — Rugsund 2. pinsedag til sanitetsforeninga kr. 68.45. — Kollekt i Davik 16. mai til sundagsskulen 10.43. — Aalfot 16. juni til heidningmisionen 34.65.

Basarar: Aalfot 12. mai til sjømannsmisjonen 140 kr. — Oldeide 2. juni, 60 kr. til indre sjømannsmisjon og 48.60 til indremisjonen. — Nordstrand skiftorsdag til indremisjonen 54 kr. — Haus 30. mai til kyrkje i Kjølisdal 185 kr. — Dombestein 3. påskedag til heidningmisionen kr. 83.20. Bortne 12. juni til indremisjonen 82.50. — Hamnen 16. juni til redningssaka 109 kr.

Vigde: 5. juni i Davik Per Nilsson Lefdalshjelle og Anna Ivarsdtr. Dombestein.

Døpte: 19. mai. Einar, f. 23. jan. av foreldre Ole Vilhelmsson Gangsøy og Dina Danielsdtr. (f. Vemmalsvik). — 26. mai Amund, f. 13. febr., Sivert Rasmusson Torheim og Karoline Kristofersdtr. — 30. mai Ragnvald Dagfinn, f. 12. april, Monvald Kristiansson Nygard, Solibakke, og Magnhild Jensdtr. (f. Sølvsberg). — S. d. Gunnvald, f. 12. april, Karl Guttormsson Maurstad og Margit Rasmusdtr. (f. Remøy). — S. d. Signe Malfrid, f. 20. april, Sigurd Rasmusson Maurstad og Marie (f. Paulsen). — 9. juni Leif Asbjørn, f. 24. mars, Martin Larsson Gillesdal og Pauline Karlsdtr. (f. Nord). — S. d. Arne Vidar, f. 23. mars, lærar Martin Eikås og Brita Andreasdtr. (f. Haus). — 10. juni Kjell Ottar, f. 22. jan., Karl Pedersson Nygard og Ida Tuedtr.

(f. Vingen). — S. d. R a g n a, f. 18. febr., Johannes Josefsson Falkevik og Kristianna Olsdr.

Biblar får ein billegast dersom ein er medlem av Bibelselskapet. Ein får då 20 til 25 % avslag i prisen.

For 100 år sidan. Døde: 29. juli 1835 Johanne Christophersdr. Torem, 14½ år. — **Vigde:** 5. juli ungarl, gårdmand Diderich Hessevågbakke, 35 år, son til Hans Stephensen Hessevåg, og pigen Karen Rugsund, 21 år, dotter til Peder Samuelson. 9. juli enkemand og gårdbruger Anders Davignæs, 37 år; tidligere gift med Johanne Johnsdtr., son til Rasmus Andersen; og pigen Anne Endal, 30 år, dotter til John Larssen. — 19. juli ungd. og gårdm. Jacob Husevåg, 22 år, son til Isaaeh Hansen, og pigen Karen Iversdr. Degnepold, 28 år. — 26. juli enkem. og gbr. Michel Wüg, 60 år, son til Ole Michelsen, og enken Christi Indre Isene, 60 år, dotter til Ole Monssen Sigdestad. — 31. juli enkem. og husm. Stephen Wingen, 55 år, son til Lars Stephensen Mourstadvingen, og enken Anne Mjanes, 40 år, dotter til Anders Jørgensen Mjanes. — 2. søndag etter triening var det visitas i Davik ved biskop Neumann.

Gudstenester.

- 5. sund. etter triein., 21. juli: Davik.
- 6. sund. etter triein., 28. juli: Rugsund.
- 7. sund. etter triein., 4. aug.: Totland.
- 8. sund. etter triein., 11. aug.: Davik.
- 9. sund. etter triein., 18. aug.: Rugsund.

Ved alle gudstenester altargang om nokon ynskjer det.

Kvittering for kontingent. Torheim: Lars Torheim 3 kr. — Oldeide: Johan J. Oldeide 2. Kjølsdal: Peder O. Hatlegjerde, P. Johnsen 2. Rimstad: Olai Totland 5. — Elde: Josef Elde, Peder K. Elde 2.50. — Hans: Kristen Ravnefjell 2.50; Lars Etterdal 2. — Rugsund: J. B. 2.50. — Davik: Hans Daviknes 3; Kristianne Bakke 2.50. — Utaabygds: Lærer Høines (Bremanger) 2.

Hjarteleg takk til alle.

Hedningmisjonen.

I den rundskrivelse som det Norske misjonsselskap i år har utsendt i anledning av kretsmøtene fremheves det at den økonomiske stilling er meget vanskelig. Inntektene har siden 1930 gått ned med 150 000 kr., men det er særlig pengekursene som virker inn. Misjonsarbeidet på Madagaskar f. eks. kostet i 1931 2 150 000 francs; i 1935 blir det 100 000 francs *mindre*. Således er det når man regner i franske penger. Men regnet i norske kroner blir det en *stigning* fra 320 000 kr. i 1931 til 533 500 i 1935. På grunn av dette er selskapet nu kommet i en betydelig gjeld. Misjonsselskapet har

aldri tidligere været i en så vanskelig situasjon som nu. Og samtidig er der på misjonsmarkene mere mottagelighet for evangeliet enn nogensinne før. Så blir spørsmålet: Skal man bli nødt til å innskrenke arbeidet, å vise fra sig dem som kommer og vil høre Guds ord, legge ned arbeid som alt er i gang? Er det ikke mulig å øke inntektene her så meget at det arbeid som er i gang kan oprettholdes? Herom sier rundskrivelsen: »Dette er et dypt alvorlig spørsmål for vår kristne tro. Der kan ikke være tvil om at det er Guds vilje at misjonsarbeidet skal gå videre fremover. Her heter det aldri: Slå til retrett! Spørsmålet er om vi med troens fulle frimodighet kan be Gud om de midler som trenges. Spørsmålet er om vi selv — Guds menighet i Norge — har den offervilje og den tro til Herren og den forvisning om nødvendigheten av hans rikssak at vi er villig til å legge på oss dei økede arbeid, den offervilje som kreves for å undgå å slå til retrett på misjonsmarken. Våre overveielser fører oss til fundamentet for nådestunden hos Gud. Jesus Kristus er kirkens faste grunnvoll som aldri røkkes. Han er menighetens og misjonens herre. Har han virkelig også herredømmet over oss, sa vi i troens lydighet hører det sterke kall fra misjonsmarken og utfører den opgave Herren har lagt på oss?»

Jeg vil be alle misjonens venner her i prestegjeldet å tenke over dette. La oss med Guds hjelp prøve å øke inntektene ved basarer og ofringer og ikke la dem gå tilbake. —

Moses' avskilskvede.

(5. Mosebok, kap. 32—34).

1. Høyr på meg, du høge himmel! Lyd på meg du lage jord! Som regnet rislar her mitt kvæde, som doggi drypp no mine ord. Prisa Gud, lova Gud! Rettferdigt, rettvist er hans bod!

2. Jeshurun vart feit, slo bakut; han slo fra seg skaparen, tente gudar, ukjende forut, til vonde vette blota dei. Vondt dei ber, hata eg er! Sjå, eg lyfter handi til himmelen her.

3. So tilslutt fyrr Moses døydde og steig upp på Nebo berg, kvad han so dei atter hørde: »Den gamle Gud er ei evig borg.» «Å, Israel er siel! Kven er som du vel? Eit folk som hev Herren til frelsar og skjold.» Lærer J. Høines.